



Melding om vedtak

Jan Eivind Øygarden
Øyfjellvegen 1565

3890 VINJE

Delegert sak nr. 15/361

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
KOLOD	2015/3215	21292/2015	118/4	26.11.2015

118/4 - Søknad om utsleppsløyve

Utsleppsløyve, jf. kapittel 12 i forureiningsforskrifta

TILTAKETS ADRESSE: Øyfjellvegen, 3890 VINJE
EIGEDOM: Gnr 118 bnr 4 i Vinje kommune
ANSVARLEG SØKJAR: Jan Eivind Øygarden, Øyfjellvegen 1565, 3890 VINJE
TILTAKSHAVAR: Jan Eivind Øygarden, Øyfjellvegen 1565, 3890 VINJE

SAKSUTGREIING

1. Bakgrunn

Referanse:

- Vinje kommune sin arealplan, LNF område med høve for spreidd bustad- og yrkesbygg.
- Tidligere byggesak, saksmappenr. (jnr.) 2008/2407 og 2015/3214.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om utslippsløyve etter kapittel 12 i forureiningsforskrifta, registrert 04.11.2015. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 30.10.2015, jf. saksmappenr. (jnr.) 2015/3215-1 med vedlegg. Særskilt fylgjeskriv frå Vinje Rør AS datert 25.011.2015, jf. jnr. 2015/3215-2.

3. Tiltak

3.1 Søknaden gjeld infiltrasjonsanlegg, 5 pe. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

I følge nåverande eigar vart avløpsanlegget etablert fyrste halvdel av 1990-talet av tidligare eigar. Anlegget har vore tilknytt kommunal tømmeordning sidan 2006, og det ligg ingen merknader hjå Renovest som seier at anlegget ikkje fungerer slik det skal. Det ligg føre uttale, frå Vinje Rør AS om anleggets plassering og utføring. Det vert også årleg teke vassprøver, med gode resultat, i samband med husdyrbruket som er etablert på garden, jf. kvalitetssystemet i landbruket (KSL).

3.2 Nabo er varsla 01.11.2015.

Det har ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen. Det er heller ikkje oppgjeve nabomerknadar frå ansvarleg søkar.

Dokumentasjon etter § 12-4 i forureiningsforskrifta synest å være tilfredsstillande.

4. Vilkår

4.1 Søknaden gjeld utsleppsløyve for infiltrasjonsanlegg.

4.2 Tiltakshavar er ansvarlege for at anlegget fungerer i samsvar med søknad. Ved eventuell forureining er det forureinar sitt ansvar å utbetre anlegget.

4.3 Maksimum utslepp til natur i samsvar med forureiningslova der krav til reinseeffekt er min: 90%forfor(P) og 90%BOF5 Suspendert stoff(SS).

4.4 Reinseeffekten skal meldast som årleg middelvei av det som blir tilført reinseanlegget.

4.5 Ein skal lokalisere og utforme utsleppstad for avløpsvatn frå reinseanlegget slik at verknadene av utsleppet på resipienten blir minst mogleg. Ein skal og syte for at brukarkonfliktar ikkje oppstår, medrekna at utsleppet ikkje medfører fare for drikkevatt.

4.6 Ved ei eventuell utbygging av kommunalt leidningsnett for vatn og avløp, kan kommunen kreve tilkopling til dette nettet, jf. pbl §§ 27-1 og 27-2.

4.7 Det er berre bustad det er søkt bruksendring for som skal vera tilknytt dette avløpsanlegget (byggnummer 300027619).

4.8 Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ:

Utsleppsløyve: 9.600,-
Jf. gebyrregulativ av 01.01.2015 for byggesakshandsaming i kommunen.
Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato. Faktura vert ettersendt.

5. Konklusjon

Vilkåra etter § 12-4 i forureiningsforskrifta ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeva utsleppsløyve.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i pbl. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Oddvin Kollbotn
byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Kopi til:
TDV v/Knut Ringhus